

Årsmelding for Bjordal & Ortnevik sokneråd 2023

Desse sat i soknerådet fram til 31. oktober 2023:

Sissel Sørebo, leiar, diakonikontakt og Kirkens Nødhjelp-kontakt

Joar Oppedal, nestleiar

Alf Magnar Svartemyr, Ingunn Østerbo, Kenneth Førde, Åge Østerbo, vara Jon Nesheim og geistleg representant Geir Sørebo

Sissel Sørebo og Kenneth Førde representerte soknet i Høyanger kyrkjelege fellesråd.

Personlege vara var Alf M. Svartemyr og Ingunn Østerbo.

Liv-Gunnbjørg Søreide er soknerådet sin kasserar. Ho får ei lita godtgjersle frå fellesrådet.

Dei nye medlemmene i soknerådet frå 1. november:

Camilla Merkesvik Ådland, leiar

Sissel Sørebo, nestleiar, diakonikontakt og Kirkens Nødhjelp-kontakt

Terje Søreide

Kjersti Johansen Søreide

Ingunn Østerbo (1. vara møter fast)

Åge Østerbo 2. vara

Irene Grøneng Breidvik 3. vara

Terje Søreide og Kjersti J. Søreide representerer soknet i Høyanger kyrkjelege fellesråd.

Sissel Sørebo og Camilla M. Ådland er vara.

Personalsituasjonen :

Sokneprest :	Geir Sørebo
Prost:	Knut Magne Nesse
Kantor:	Gerda Otterstein fram til sept./vikarar
Kyrkjevevjerje:	Bjørnar Otterstein / Stig Jonny Fitje
Kyrkjelydsarbeidar:	Heike Müller
Sekretær kyrkjekontor:	Ali Kharrat
Kyrkjetenar: Ortnevik	Joar Oppedal
Kyrkjetenar: Bjordal	ledig
Klokkar i Bjordal og Ortnevik og sekretær for soknerådet:	Ann Iren Østerbo

Gudstenester:

Det har vore 21 gudstenester i soknet, same som i 2022.

I alt var det 643 frammøtte (111 færre enn året før) og 105 nattverdsgjester (17 fleire enn for 2022).

5 av gudstenestene var familie- og barnegudstenester.

2 julaftangudstenester.

Det har vore gudsteneste i gamlestova på Sørebo (40), friluftsgudsteneste m/dåp på Sande (50),

hausttakkefest på Massnes (35) og dåpsegudsteneste i Ikkjefjord grendahus 2. juledag (51)

Kyrkjevertar har vore Sølvi Gunn Kalstad, Mari- Ann Lund Fridtun, Liv-Gunnbjørg Søreide, Sissel Sørebo og Gunvor Hommedal.

Det har vore 2 barnedåp og 2 gravferder.

Ved ofringar og gåver for mat kom det inn kr 45.378,- inkl. vipps og offer (kr 9.535,- mindre enn i 2022).

Av dette kr 9.423,- til eige arbeid.

Ved Kirkens Nødhjelps fasteaksjon blei det registrert : bøsse 8.931,- vipps 2.700,- og andre 2.775,- som samla blir 14.406.

Soknerådet v/leiar og kasserar har ansvaret for gåvekontoane til kyrkjene.

Det står kr 64.131,- på konto til Ortnevik kyrkje og kr 10.699,- på Bjordal kyrkje sin konto.

Det har vore andakt på Sørsida Bygdetun om lag ein gong i månaden v/sokneprest.

Trusopplæring /barn og unge

Bjordal & Ortnevik sokn har godkjent trusopplæringsplan. Heike Müller vart dette året fast tilsett som kyrkjelydsarbeidar, og har saman med Camilla M. Ådland, Mari-Ann L. Fridtun, Sissel Sørebo og Ann Iren Østerbo vore med i trusopplæringsutvalet for Bjordal og Ortnevik. Dei har hatt tre planleggingsmøter og drøfta tiltak for barna.

I 2023 har vi hatt desse tiltaka :

Seks T- klubb samlingar i gamlebanken for 1.-7. kl. tysdagar rett etter skuletid med 5-6 barn kvar gong. Mari-Ann og Ann I. har delt på å hjelpe Heike med mellom anna hobbyarbeid og køyring av barna.

I tillegg starta vi opp myldregruppe i Ortnevik grendehus for barn 1-6 år ein gong i månaden.

Heike hadde 4 samlingar første halvår, men sidan oppmøtet vart så variabelt bestemte utvalet å avslutte dette tiltaket på hausten.

- I juni var det familiesamling/sommarfest for store og små i Ortnevik kyrkje med påfølgande grilling og leik ved grendahuset etterpå med 7 barn og 9 vaksne.
- Ei lita gruppe barn song på gudstenesta på Sørebo og på Massnes.

Det vart delt ut ei Mi kyrkjebok 6, ein teikneseriebibel og 1 bibel til konfirmant på hausttakkefesten.

Tårnagenthelga som var planlagt i november vart flytta til det nye året.

Soknerådet subsidierer alle leirar på Alværa med kr. 200,- pr. barn frå soknet vårt.

Konfirmantar:

Våren 2023: 2 konfirmantar.

Konfirmantane var med på konfirmanthelg på Alværa.

I løpet av vinter/vår var det eit par samlingar i tillegg til ei øving til konfirmasjonen.

Dei var med på opplegg i Bønnens Hus og gjekk med bøsser i samband med fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp.

Samtalegudstenesta var i Bjordal kyrkje 2. april,

konfirmasjonsgudstenesta i Bjordal 14. mai v/Geir

Ansvarleg for konfirmantundervisninga var Geir Sørebo.

Hausten 2023: 1 konfirmant.

Konfirmanten vart presentert på hausttakkefesten.

Med berre ein 9. klassing har konfirmanten hatt sitt opplegg saman med Lavik- og Hyllestad.

Runar M. Li har hatt ansvaret.

Soknerådsarbeid elles:

Soknerådet har hatt 7 møte, og handsama 62 saker og 46 meldingssaker. Takk til Dagny Bjordal for bruk av Gamlebanken.

Aktivitetar i året som gjekk:

- Soknerådet tok i januar initiativ til samarbeid med pensjonistlaget om å starta med song på Bygdetunet kvar 14. dag måndagar frå kl. 17- 17.45. Dette har vore eit populært tiltak med rundt 20 frammmøtte kvar gong. Takk til Olav B. Bjordal som stiller opp med trekkspillet sitt og Sissel, Kari S. og Mari-Ann.
- Ein kyrkjelydskveld; den siste av serien på 3 kveldar der tema var dei tre trusartiklane, innleia v/ Geir S.
- Joar og Ann I. reiste på valkurs i Førde i januar. Soknerådet var nominasjonskomite; og har sett opp listeforslag, og hatt diverse oppgåver knytt til valet.
- Årsmøte for soknet i Bjordal kyrkje 12. februar. Takk til Liv-Gunnbjørg for utført kasserarjobb og Mari-Ann L. Fridtun og Kari Søreide som er soknerådet sine revisorar.
- Norvald Bjordal fekk ei flott miniatyr utgave av Bjordal kyrkje som takk for mange år som kyrkjetenar. Meisterverket er laga av trearbeidar Arthur Szaprowski.
- Soknerådet løyvde kr. 2000,- til dagsturhytte på Åsenutsikta på Søreide.
- Soknerådet var med å stemme på val av ny biskop i Bjørgvin. Soknerådsleiar var med på vigslinga av Ragnhild Jepsen i Bergen i april.
- Soknerådet vedtok innkjøp av 10 bøker av " Syng med " med stor skrift til bruk på Sørsida Bygdetun, då det med mange deltakarar på songstundene blei for få bøker.
- I mars var det gudsteneste i Høyanger med avskjed for Bjørnar Otterstein. I april var det innsetting av Stig Jonny Fitje som ny kyrkjuverje i Høyanger i Ortnevik kyrkje.
- Soknerådet samarbeidde med konfirmantar og foreldre om fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp.
- I april var det dugnad i kyrkja og på kyrkjegarden Bjordal. Dei 13 frammmøtte fekk gjort mykje. Norvald B. sprøyta også ugras i grusgangane seinare på sommaren, og Kenneth og Sissel vaska bårhuset utvendig. I tillegg malte Sissel to strøk på dørene på bårhuset, og Mari-Ann rydda og vaska inne. I Ikjefjord såg Ingunn til at alt såg greitt ut etter vinteren.

- Konfirmantane fekk blomster og jubileumshefte om kyrkja si frå kyrkjelyden på konfirmasjonsdagen.
- I skuleferien var det open kyrkje i Ortnevik kvar fredag frå kl. 16.00- 18.00 .
- Det er viktig at alle har skyss til arrangement. Takk til dei som fyller opp bilane sine, mellom andre Roald Jensen og Mari Ann.
- Soknerådet har bidrege med ulikt stoff til kyrkjelydsbladet Helgestunder. Sissel er soknet sin representant i redaksjonsnemnda. Sidan det har vore utfordring med distribusjon med Posten, har Ingunn og Arne teke på seg å køyre blada rundt i Ikjefjord. Takk til dei.
- Det har vore tilbod om enkel kyrkjekaffi for dei som ynskjer det, etter gudstenestene. I tillegg var det middag på hausttakkefesten på Massnes.
- Kyrkjetenarstillinga i Bjordal står framleis ledig, fleire personar har vore kontakta. Ann I. har teke på seg nokre av kyrkjetenaroppgåvene og får betalt på timebasis. Fleire frivillige har hjulpet med vask og orden; i tillegg til alt som vart gjort på dugnaden om våren.
- Soknerådet har drøfta arbeidet i kyrkjelyden; kva vi ynskjer for soknet vårt, kva vi brenn for, og kva vi er motiverte for å arbeide med. Dette er eit viktig tema inn i 2024.
- Soknerådet har vedteke offerformål, og saman med sokneprest drøfta gudstenesteplan og konfirmantopplegg.
- Soknerådet har vore med og vurdert kva som trengst av vedlikehald /oppussing til 100- års jubileet til Ortnevik kyrkje i 2025.
- Vi har tidlegare vedteke ein kyrkjemusikalsk plan, og noko er også gjennomført dette året. Fram til august reiste to personar til Lavik på øving i kyrkjekoret leia av kantor. Etter at kantor er i permisjon har ein person blitt med i KUL- koret på Kyrkjebø.
- På Bygdetunet var det førehandstemming 31. aug og etter gudstenesta i Bjordal 3. sept. 11. september var det kyrkjeval. Tal faste medlemmer er endra frå 6 til 4, i tillegg til 3 varamedlemmer. I gudstenesta i Bjordal 15. oktober var det presentasjon av nytt sokneråd og takk til dei "gamle" medlemmene.
- I november var det nye soknerådet med på valkurs i Førde og fagdag på Alværa med samling for alle sokneråda i kommunen leia av prost.
- Soknerådet arrangerte ein flott og stemningsfull julekonsert i Ortnevik kyrkje med KUL-koret og lokale aktørar. Vel 60 personar møtte.
- Bispekontoret har no godkjent ein diakon i den vakante prestestillinga på sørsida og i Lavik. Dette er eit 3-årig prosjekt og Inger Cesilie Fitje har takka ja til 80 % stilling, og ho tok til 1. januar.
- Geir Sørebo har kvar veke lagt ut god helg andaktar/tankar til søndagens tekst på nett (www.worshippinginthenature.com).

Misjonsprosjekt

Soknerådet har halde fram med samarbeidsavtale med NMS om prosjekt i Mali.

Soknet har ei NMS-misjonsforeining, Bjordal misjonslag, dei hadde adventssamling på Sørsida Bygdetun i desember. I «Bønnens hus» i Ortnevik har arbeidet halde fram med tidebøner og forbøn, takk Ole og Camilla.

Anders Brekke har spelt i mange gudstenester dette året, og det har vore til svært stor hjelp. Peter Jobaggy frå Gulen har vore kantor i gravferdene og ved nokre gudstenester. Han har imponert med orgelspelet sitt.

Geir Sørebo har som pensjonist vikariert som sokneprest til saman 2 ½ år. Julaftan fekk han gåva «Kinnakyrkja» frå kyrkjelyden og gode ord frå Terje Søreide. Vi takkar for godt samarbeid med Geir.

Takk til alle som på ulike måtar har bidrege – det er av stor verdi.